



Sindre Foss Hopland
Seimsstranda 68
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2074 - 16/28429

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
12.10.2016

Løyve til oppføring av garasje - gbnr 173/25 Rydland

Administrativt vedtak. Saknr: 494/16

Tiltakshavar: Sindre Foss Hopland
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-4

Saksutgreiing:

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av garasje med bruksareal (BRA) opplyst til å vera 60,3 m² og bygd areal (BYA) 65 m². Utnyttingsgrad er opplyst til å vera 17,6 % BYA .

Søknaden

vart motteken 27.06.2016. I brev frå kommunen datert 05.07.2016 vart søknaden avvist grunna manglar i søknad.

Tiltakshavar sende inn tilleggsdokumentasjon og klaga på avvisinga i brev motteke 25.07.2016.

Kommunen svarte på klagen med brevet «Rettleiing i byggesak», datert 05.09.2016.

Tiltakshavar svarar på dette brevet med brev motteke 16.09.2016, der han legg ved dokumentasjon frå leverandøren av takstolar, og ber om at søknaden vert godkjent som søknad utan ansvarsrett.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett når den var mottatt.

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 16.09.2016 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne datoen. Fristen var 07.09.2016 og er overskriden. Fristoverskriding fører ikkje til reduksjon av gebyr for denne typen saker.

Saksutgreiing:

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av garasje med bruksareal (BRA) opplyst til å vera 60,3 m² og bygd areal (BYA) 65 m². Utnyttingsgrad er opplyst til å vera 17,6 % BYA .

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

Søknaden

vart motteken 27.06.2016. I brev frå kommunen datert 05.07.2016 vart søknaden avvist .

Forhold til naboar

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.
Eigar av gbnr 173/26 har gjeve skriftleg samtykke til å plassera garasjen 1,2 m frå tomtegrensa.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 18.07.2016.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Ansvarleg søkjar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

VURDERING:

Vi viser til motteken tilleggsdokumentasjon og legg til grunn at loftet skal byggast med takhøgde under 1,9 m, og at denne ikkje skal endrast på eit seinare tidspunkt. Bygningen kjem då inn under tiltak som kan handsamast etter plan- og bygningslova § 20-4 og kan oppførast utan dispensasjon frå kommuneplanen.

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-4 vert det gjeve løyve til tiltak for oppføring av garasje på følgjande vilkår:

- 1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 18.07.2016 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**
- 2. Bruksareal (BRA) eller bygd areal (BYA) skal ikkje vera over 70 m².**

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 16/2074

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om bygggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Mellombels bruksløyve/Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Sindre Foss Hopland

Seimsstranda 68 5912

SEIM